



Styreleiaren hadde sjølvsgagt med seg trekkspelet

Idag har Cafe Tlaren vore opna i 2 omgongar. Først var det ordinær opningstid med godt fram møte - 1 born og 48 vaksne. I kveld inviterte styret i Uskedalen Utvikling dei trufaste dugnadsdamene som driv kafeen til ein høgst fortent tapaskveld der ei travel Elin Enes serverte lekre rettar. Styreleiar Kristian Olav Bringedal leia det heile i spissen for styret og hadde sjølvsgagt trekkspelet med. Han var full av ros om dette tysdagstiltaket som starta for vel 5 år sidan i Gamleskulen.



Herleg servering var eit høgdepunkt

-Det er 2 grunnar til denne markeringa, heldt han fram. Det fyrste grunnen er at dette har vorte ein viktig møteplass for folk i bygda og andre, ein aktivitet uansett alder og interesse. Den andre grunnen er at dette er ein viktig inntektskjelde for UU, og det er ikkje minst viktig med tanke på opprustinga av det historiske huset som stadig pågår. Målsetjinga er at det skal bli skikkeleg opprusta heilt frå

grunnen av og Bringedal orienterte om det. Men førebels er det ein del lause trådar.

Det var helselaget som tok initiativet til Tlaren og Klara Bakke vartnevnt som ein viktig krumtapp i den fyrste fasen. Men seinare har det vore mange pådrivarar utan at mange av dei var takka for seg. Dei fleste har vore imponerande trufaste år etter år. Og Tlaren held ope heile året.

Eit spørsmål er framleis noko uklårt og det er korleis namnet Tlaren skal skrivast. Saka vart lufta i kveld utan at det kom ei avklåring og difor held i alle fall vi fram med Tlaren. Skrivemåten er trass i alt ikkje det viktigaste!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kvelden var ein fortent takk til dugnadssdamene